



Ullensvang
kommune

Ullensvang kommune sin uttale til søknad om uttak av vatn i Stølselva og Histeinselva





Viser til motteke brev frå NVE, datert 21.01.2026. NVE har sendt to søknadar frå Ullensvang kommune v/ verksemd for vatn og avløp på høyring. Det vert søkt om løyve etter vassressurslova til uttak av vatn i Stølselva som hovudvasskjelda og Histeinselva som reservevasskjelda.

Vassbehandlingsanlegget på Seljestad skal oppgraderast med nytt vassbehandlingsanlegg og reintvassbasseng. Det skal løyse utfordringar rundt sløkkevatn til Røldalstunnelen og framtidig utbygging av hytter på Seljestad.

I forarbeidet til planprosessen vart andre alternativ undersøkt, men desse vart vurdert til å vera dårlegare enn omsøkt tiltak mtp. naturmangfald og generell påverknad i området. Det er lagt opp til fleire avbøtande tiltak, men tiltaket vil ha negative konsekvensar for naturmangfaldet. I denne saka veg omsynet til samfunnstryggleik tyngre enn omsynet til mellom anna naturmangfaldet.

Ullensvang kommune er positiv til søknad om uttak av vatn i Stølselva og Histeinselva.

